



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 08.03.2022
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 10:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
01/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2022	REVIDERING AV RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING
04/2022	ORIENTERINGAR

2. mars 2022

Edvin Hesjedal
Leiar



Vaksdal kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
01/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	08.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-033	22/284

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
02/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	08.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-033	22/284

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Bygdeutviklingsutvalet - 16.11.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 16.11.2021
Møtestad: Heradshuset Dale
Møtetid: 08:00 - 10:50

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utdvalsleiar
Line Eide Vik	SP	Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem

Andre møtande:

Kommunalsjef for Innovasjon, digitalisering og samfunn Åse Elin Myking
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
18/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
19/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
20/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
21/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPRUSTING AV PARKEN VED GÅSEDAMMEN, HESTAVOLLEN PÅ DALE
22/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VØLING OG VEDLIKEHALD AV TURVEG MELLOM DALEGARDEN OG JOHAGEN
23/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å SKIFTE TAK PÅ STRAUME UNGDOMSHUS
24/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL AKTIVITETS-/KLATREPARK PÅ STAMNES



25/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL FRITIDSAKTIVITETAR PÅ EIDSLANDET
26/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å UTVIKLE TILBOD OG AKTIVITETAR VED "ALLAKTIVITETSHUSET" PÅ STAMNES
27/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INNKJØP AV DATA- OG GAMINGUTSTYR I REGI AV STANGHELLE UNGDOMSKLUBB
28/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTGJEVING AV BOKA " I POLLERUDANE SITT RIKE"
29/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INFORMASJONSTILTAK LANGS GAMAL BUFØREVEG TIL YKSENDALSTØLEN
30/2021	REVIDERING AV RETNINGSLINJER - TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING
31/2021	UTARBEIDING AV DRØFTINGSNOTAT - DELEGASJONSREGLEMENT OG DELEGERING TIL BYGDEUTVIKLING



18/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Ståle Hesjedal, Ap ba om at utvalet drøfta alle søknadene samla før ein gjorde vedtak i kvar einskild tilskotssak. Utvalet valde å gjere drøftinga under referatsak 20/2021.1 samla oversyn over søknader til bygdeutviklingsutvalet i 2021.

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.

BYG - sak 18/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

19/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

BYG - sak 19/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

20/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:



Referatsakene vert tekne til orientering.

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking orienterte om referatsak 20/2021.2.

Utvalet drøfta referatsak 20/2021.1 samla oversyn over søknader til bygdeutviklingsutvalet. Utvalet gjekk gjennom tilskotssøknader frå sakslista og vurderte desse mot kvarandre.

Referatsaker og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

BYG - sak 20/2021 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

21/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPRUSTING AV PARKEN VED GÅSEDAMMEN, HESTAVOLLEN PÅ DALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gåsedammens Venner, v/ Jostein Birkeland, får tildelt inntil kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til opprusting og tilrettelegging av parken ved Gåsedammen for lokal/ålmenn bruk. Løyvinga utgjer 67 % av søknadssummen.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av benker, bord, grill og utstyr til tennisbana i samsvar med søknaden.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i Bygdeutviklingsutvalet sine «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut når sluttrapport med kostnadsdokumentasjonen ligg føre.

Tiltaket skal rapporterast innan tre veker etter gjennomføring.

Løyvinga gjeld for 2 år, frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Framlegg til vedtak, lagt inn i møteportalen av Edvin Hesjedal, H:

Foreslår å fullfinansiere prosjektet med kr 45000,- med bakgrunn i stort område aktuelt for mykje folk, med svært varierte aktivitetar inkludert tennis. Tennisbane finn ein berre ein anna stad i kommunen.

Vert finansiert med kutt i andre søknader



Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Utvalet drøfta søknaden.

Edvin Hesjedal, H la fram følgjande alternative forslag:

Foreslår å fullfinansiere prosjektet med kr 45000,- med bakgrunn i stort område aktuelt for mykje folk, med svært varierte aktivitetar inkludert tennis. Tennisbane finn ein berre ein anna stad i kommunen.

Vert finansiert med kutt i andre søknader

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Edvin Hesjedal, H sitt framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteken med 3 stemmer (Arne Normann, Krf, Ståle Hesjedal, Ap og Line Eide Vik, Sp mot 2 stemmer (Edvin Hesjedal, H og Mona Grenasberg, SV).

BYG - sak 21/2021 Vedtak/Tilråding:

Gåsedammens Venner, v/ Jostein Birkeland, får tildelt inntil kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til opprusting og tilrettelegging av parken ved Gåsedammen for lokal/ålmenn bruk. Løyvinga utgjer 67 % av søknadssummen.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av benker, bord, grill og utstyr til tennisbana i samsvar med søknaden.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i Bygdeutviklingsutvalet sine «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut når sluttrapport med kostnadsdokumentasjonen ligg føre.

Tiltaket skal rapporterast innan tre veker etter gjennomføring.

Løyvinga gjeld for 2 år, frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

22/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VØLING OG VEDLIKEHALD AV TURVEG MELLOM DALEGARDEN OG JOHAGEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet i Vaksdal kommune og pensjonistforeiningane på Dale og Vaksdal får tildelt inntil kr. 25 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å vøle turvegen mellom Dalegarden og Johagen.

Løyvinga utgjer 78 % av søknadsbeløpet og "godkjend kostnad" på kr. 32 000,-.



Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

VILKÅR:

- Eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova må avklarast før gjennomføring.
- Samtykke frå grunneigar må liggje føre før oppstart.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Sluttrapport skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett frist.

Nytt første avsnitt ført inn i møteportalen av Ståle Hesjedal, Ap

Eldrerådet i Vaksdal kommune og pensjonistforeiningane på Dale og Vaksdal får løyvd inntil 32000kr til vøle av turvegen mellom Dalegarden og Johagen.

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Mona Grenasberg stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, då ho er medlem i Eldrerådet som er ein av to søkjarar. Utvalet vedtok samrøystes at Mona Grenasberg er ugild i medhald av fv.l. § 6 2. ledd, særeigne forhold.

Utvalet drøfta saka.

Ståle Hesjedal, Ap la fram følgjande alternative forslag:

Eldrerådet i Vaksdal kommune og pensjonistforeiningane på Dale og Vaksdal får løyvd inntil 32000kr til vøle av turvegen mellom Dalegarden og Johagen.

Kommuneidirektøren sitt framlegg til vedtak, vart sett opp mot Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak. Ståle Hesjedal, Ap sitt vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 22/2021 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet i Vaksdal kommune og pensjonistforeiningane på Dale og Vaksdal får løyvd inntil 32000kr til vøle av turvegen mellom Dalegarden og Johagen.



Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

VILKÅR:

- Eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova må avklarast før gjennomføring.
- Samtykke frå grunneigar må liggje føre før oppstart.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Sluttrapport skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett frist.

23/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å SKIFTE TAK PÅ STRAUME UNGDOMSHUS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Foreininga "Straume Ungdomshus" får tildelt inntil kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å dekkje utgifter ved utskifting av taket på Straume Ungdomshus.

Løyvinga utgjer 26 % av søknadssummen på kr. 188 032,-, og 18 % av dokumenterte kostnader på kr. 276 282,-.

Vedtaket er gjort med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut til "Straume Ungdomshus" sin bankkonto på bakgrunn av dokumentasjonen i søknaden.

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Arne Normann stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, som far til leiar for styret til Straume ungdomshus. Utvalet vedtok samrøystes at Arne Normann er ugild i medhald av fv.l. § 6 2. ledd, særeigne forhold.

Utvalet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 23/2021 Vedtak/Tilråding:

Foreininga "Straume Ungdomshus" får tildelt inntil kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å dekkje



utgifter ved utskifting av taket på Straume Ungdomshus.

Løyvinga utgjør 26 % av søknadssummen på kr. 188 032,-, og 18 % av dokumenterte kostnader på kr. 276 282,-.

Vedtaket er gjort med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut til "Straume Ungdomshus" sin bankkonto på bakgrunn av dokumentasjonen i søknaden.

24/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL AKTIVITETS-/KLATREPARK PÅ STAMNES

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stamnes Idrettslag får tildelt inntil kr. 22 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å utvikle aktivitets- og klatreparken i Kulshamarane på Stamnes. Løyvinga utgjør 64 % av søknadsbeløpet på kr. 34 273,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Det vert sett følgjande vilkår for tildeling av midlar.

- Eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova må avklarast før gjennomføring.
- Løyve frå grunneigar må liggje føre.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon, tilsvarende tilskotsbeløpet. Kostnadane må vere knytt til tiltak i søknaden. Delutbetaling kan gjennomførast på førespurnad.

Sluttrapport skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

Framlegg til vedtak, lagt inn i møteportalen av Edvin Hesjedal,H:

BU løyver 20.000,- til klatrepark

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Utvalet drøfta saka.



Edvin Hesjedal, H sitt framlegg til vedtak som var ført inn i møteportalen vart ikkje lagt fram i saka, men trekt tilbake.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 24/2021 Vedtak/Tilråding:

Stamnes Idrettslag får tildelt inntil kr. 22 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å utvikle aktivitets- og klatreparken i Kulshamarane på Stamnes. Løyvinga utgjer 64 % av søknadsbeløpet på kr. 34 273,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Det vert sett følgjande vilkår for tildeling av midlar.

- Eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova må avklarast før gjennomføring.
- Løyve frå grunneigar må liggje føre.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon, tilsvarande tilskotsbeløpet. Kostnadane må vere knytt til tiltak i søknaden. Delutbetaling kan gjennomførast på førespurnad.

Sluttrapport skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

25/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL FRITIDSAKTIVITETAR PÅ EIDSLANDET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eidslandet Grendalag får tildelt inntil kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar for innkjøp av utstyr til fritidsaktivitetar for barn og unge på Eidslandet.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Løyvinga utgjer 76 % av søknadsbeløpet på kr 26 104,-. Tilskotet vert betalt ut etter motteken sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til budsjetterte kostnader i søknaden.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert midlane trekte attende. Det kan søkjast om utsett frist for gjennomføring



Framlegg til vedtak, lagt inn i møteportalen av Edvin Hesjedal,H:

Redusert med 5000,- til 15.000

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Edvin Hesjedal, H sitt framlegg til vedtak som var ført inn i møteportalen vart ikkje lagt fram i saka, men trekt tilbake.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 25/2021 Vedtak/Tilråding:

Eidslandet Grendalag får tildelt inntil kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar for innkjøp av utstyr til fritidsaktivitetar for barn og unge på Eidslandet.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Løyvinga utgjer 76 % av søknadsbeløpet på kr 26 104,-. Tilskotet vert betalt ut etter motteken sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til budsjetterte kostnader i søknaden.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert midlane trekte attende. Det kan søkjast om utsett frist for gjennomføring

26/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å UTVIKLE TILBOD OG AKTIVITETAR VED "ALLAKTIVITETSHUSET" PÅ STAMNES

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stamnes Idrettslag får tildelt inntil kr. 33 000,- til innkjøp av materiell/utstyr for å utvikle tilbodet knytt til "AllAktivitetshuset" på Stamnes.

Løyvinga utgjer 51 % av søknadsbeløpet på kr. 64 000,- og 56 % av "godkjend kostnad" på kr. 59 000,-

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021



Tilskotet er knytt til innkjøp av utstyr til utvikling av café, ungdomsklubb, sykkelverkstad og klatrevegg.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport med kostnadsdokumentasjon, tilsvarende tilskotsbeløpet. Delutbetaling kan gjerast på førespurnad.

Det vert sett følgjande vilkår for løyvinga:

- Utgiftene må vere i tråd med søknaden.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til driftsutgifter eller innkjøp av mat-/salsvarer.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett frist.

Nytt første avsnitt, ført inn i møteportalen av Ståle Hesjedal, Ap:

Stamnes Idrettslag får tildelt inntil 31.500kr til innkjøp av materiell/utstyr for å utvikle tilbodet knytt til "Allaktivitetshuset" på Stamnes.

Framlegg til vedtak, lagt inn i møteportalen av Edvin Hesjedal, H:

BU løyver 23500,- til Allaktivitetshuset

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Ståle Hesjedal, Ap la fram følgjande alternative forslag:

Stamnes Idrettslag får tildelt inntil 31.500kr til innkjøp av materiell/utstyr for å utvikle tilbodet knytt til "Allaktivitetshuset" på Stamnes.

Edvin Hesjedal, H sitt framlegg til vedtak som var ført inn i møteportalen vart ikkje lagt fram i saka, men trekt tilbake.

Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 26/2021 Vedtak/Tilråding:

Stamnes Idrettslag får tildelt inntil 31.500kr til innkjøp av materiell/utstyr for å utvikle tilbodet knytt til "Allaktivitetshuset" på Stamnes.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021



Tilskotet er knytt til innkjøp av utstyr til utvikling av café, ungdomsklubb, sykkelverkstad og klatrevegg.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport med kostnadsdokumentasjon, tilsvarende tilskotsbeløpet. Delutbetaling kan gjerast på førespurnad.

Det vert sett følgjande vilkår for løyvinga:

- Utgiftene må vere i tråd med søknaden.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til driftsutgifter eller innkjøp av mat-/salsvarer.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett frist.

27/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INNKJØP AV DATA- OG GAMINGUTSTYR I REGI AV STANGHELLE UNGDOMSKLUBB

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 14 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle Ungdomsklubb (SUK), org. nr 993876313, for innkjøp av data- og gamingutstyr til bruk på klubbkveldar og andre arrangement.

Tilskotet utgjer 96 % av søknadsbeløpet og vert betalt ut etter sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Midane må nyttast i tråd med søknaden. Delutbetaling kan gjennomførast på førespurnad.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert midlane trekt attende. Det kan søkjast om utsett frist for gjennomføring.

Nytt første avsnitt, ført inn i møteportalen av Ståle Hesjedal, Ap:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil 14500 kr i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle ungdomsklubb (SUK) org.nr. 993876313, for innkjøp av data- og gamingutstyr til bruk på klubbkveldar og andre arrangement.

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Utvalet drøfta saka.



Ståle Hesjedal, Ap la fram følgjande alternative forslag:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil 14500 kr i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle ungdomsklubb (SUK) org.nr. 993876313, for innkjøp av data- og gamingutstyr til bruk på klubbkveldar og andre arrangement.

Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 27/2021 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil 14500kr i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle ungdomsklubb (SUK) org.nr. 993876313, for innkjøp av data- og gamingutstyr til bruk på klubbkveldar og andre arrangement.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert midlane trekt attende. Det kan søkjast om utsett frist for gjennomføring.

28/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTGJEVING AV BOKA " I POLLERUDANE SITT RIKE"

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Farfars Reklamebyrå, org. nr. 924576960, får tildelt inntil kr. 7 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å delfinansiere trykking av boka "I Pollerudane sitt rike".

Løyvinga utgjør 47 % av søknadsbeløpet på kr. 15 000,-, og 20% av budsjetterte trykkekostnader på kr. 35 000,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert midlane trekte attende. Det kan søkjast om utsett frist for gjennomføring.

Forslag til vedtak ført inn i møteportalen av Ståle Hesjedal, Ap:

Farfars Reklamebyrå får ikkje tilskot til trykking av boka "Pollerudane" då dette fell utanfor



bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Ståle Hesjedal, Ap la fram følgjande alternative forslag:

Farfars Reklamebyrå får ikkje tilskot til trykking av boka "Pollerudane" då dette fell utanfor bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Ståle Hesjedal, Ap sitt framlegg til forslag. Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 28/2021 Vedtak/Tilråding:

Farfars Reklamebyrå får ikkje tilskot til trykking av boka "Pollerudane" då dette fell utanfor bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer

29/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL INFORMASJONSTILTAK LANGS GAMAL BUFØREVEG TIL YKSENDALSTØLEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stølsvegen Venelag, org. nummer 819407592, for innkjøp og oppsetjing av informasjonstavler og skilt langs buførevegen til Yksendalstølen i Eksingedalen.

Løyvinga utgjer 50 % av søknadsbeløpet på kr. 20 000,- og 12 % av "godkjend kostnad" på kr. 85 000,- eks. mva.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon, og vert knytt til tiltak i søknaden.

Sluttrapporering skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021



Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 29/2021 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stølsvegen Venelag, org. nummer 819407592, for innkjøp og oppsetjing av informasjonstavler og skilt langs buførevegen til Yksendalstølen i Eksingedalen.

Løyvinga utgjer 50 % av søknadsbeløpet på kr. 20 000,- og 12 % av "godkjend kostnad" på kr. 85 000,- eks. mva.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon, og vert knytt til tiltak i søknaden.

Sluttrapportering skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist.

30/2021: REVIDERING AV RETNINGSLINJER - TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1: Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling vert vidareført. Andre avsnitt under punktet «Kven kan søkje midlar» vert fjerna.

Alternativ 2: Det vert gjort følgjande endringar i retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling:

Fellesforslag frå utvalet, ført inn i møteportalen av Edvin Hesjedal, H:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retningslinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.



Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking orienterte om saka.

Utvalet drøfta søknadsordninga.

På vegner av utvalsmedlemmene la Edvin Hesjedal, H fram følgjande forslag til vedtak:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retninglinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 30/2021 Vedtak/Tilråding:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retninglinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.

31/2021: UTARBEIDING AV DRØFTINGSNOTAT - DELEGASJONSREGLEMENT OG DELEGERING TIL BYGDEUTVIKLING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for bygdeutvikling vil spele inn følgjande forslag til drøfting på temamøte om styrings- og delegeringsreglement:

Framlegg til vedtak, ført inn i møteportalen av Edvin Hesjedal, H:



Utvalet kjem med forslag til innspel i møtet som vert halde i januar.

Bygdeutviklingsutvalet 16.11.2021

Behandling:

Utvalsleiar orienterte om saka.

Utvalet drøfta saka.

På vegner av utvalsmedlemmene la Edvin Hesjedal, H fram følgjande forslag til vedtak:

Utvalet kjem med forslag til innspel i møtet som vert halde i januar.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 31/2021 Vedtak/Tilråding:

Utvalet kjem med forslag til innspel i møtet som vert halde i januar.



Vaksdal kommune

Arne Normann, Krf orienterte om at det vert arbeidd med å få på plass ein sherpa-sti frå 569 til Skipshellaren.

Edvin Hesjedal, H orienterte om sjølvhogst i Toskedalen og Eldstova.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	08.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-044, TI-&00	17/651

REVIDERING AV RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING

Vedlegg:

REVIDERING AV RETNINGSLINJER - TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING

Ny tilskotsordning - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling
_ 21_02383-1 Vedtekter Bygdeutviklingsfond 374294_3_1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1: Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling vert vidareført.

Alternativ 2: Det vert gjort følgjande endringar i retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling:

Saksopplysningar:

I møte 16.11.21 hadde utvalet til behandling sak om revidering av retningslinjene for tilskot til bygdeutvikling. Det vart vedtatt å revidere retningslinjene etter drøftingar i temamøte og seinare utvalsmøte i januar 2022. Desse møta vart noko utsett grunna pandemisituasjonen. Kommunestyret sitt temamøte vart gjennomført i februar.

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Tilskotsordninga til bygdeutvikling vart innført i 2020. Retningslinjer vert no revidert og gjeldande frå hausten 2022.

Bakgrunn for saka

Utval for bygdeutvikling har delegert avgjerdsmynde til å fordele løyvde midlar til aktivitetar og allmenntilgjengelege formål gjennom ordninga «*Tilskot til bygdeutviklingsmidlar*», vedteke av kommunestyret i sak 05/2020, 2020.

Utvalet har sjølv utarbeida retningslinjer vedteke 26.05.21, sak 11/2020 Desse vart deretter

vedteke av kommunestyret 23.06.20, sak 33/2020.

Retningslinjene er vedteke med eit avsnitt om at bygdeutvikling må gjere nye vurderinga knytt til kven som kan søkje. I tillegg har leiar og medlemmer i utvalet bede om at utvalet får lagt fram retningslinjene for eventuell revidering då det er signalisert at ordninga ikkje treff heilt etter intensjonen.

Formelt grunnlag

KOM 33/2020

BU 30/2021

Vurdering og konsekvensar

Tilskotet er ei kommunal ordning som har vorte finansiert gjennom årlege budsjettløyvingar sidan 2020. Ettersom dette er ei lokal ordning i Vaksdal er det få tilsvarande tilskotsordningar å samanlikne seg med.

Voss Herad oppretta i samband med kommunesamanslåinga eit fond til bygdeutvikling i Granvin, sjå vedlegg. Midlane skal nyttast til trivsels- og bygdeutviklingstiltak som gagnar tidlegare Granvin herad. Formålet med fondet kan samanliknast med Vaksdal sitt formål med tilskotsordninga.

I vedtektene for fondet til Granvin heiter det:

Bruk av fondet

- a. Det vert gjeve tilskot i samsvar med føremålet.*
- b. Det kan gjevast tilskot av ulik storleik avhengig av søknadane.*
- c. I særlege høve kan det ytast tilskot med opsjon på tilskot over fleire år.*
- d. Lag, organisasjonar og andre aktørar med tilknytning til Granvin kan søkja.*
- e. Det blir som hovudregel ikkje gjeve støtte til privatpersonar.*
- f. Det blir normalt tildelt midlar to gonger i året*

Kva tiltak kan det søkjast om

- a. Investeringar, tiltak og prosjekt med varig verdi som kjem mange i lokalsamfunnet til gode.*
- b. Prosjekt som bidreg til å skapa engasjement og inspirerer til dugnadsvilje.*
- c. Prosjekt som bidreg til å realisera idear og utløyser gode krefter lokalt.*
- d. Tiltak som er eigna til å auka trivselen og gjera lokalsamfunnet meir attraktivt å bu i.*
- e. I særlege høve kan det bli gjeve tilskot til næringsføremål.*

Det ein søker støtte til, skal vera konkrete tiltak og med klårt uttrykt mål. Gjennomføringsplanen skal ha definert startdato og ferdigstillingsdato. Det blir som hovudregel ikkje gitt støtte til drift.

Med bakgrunn i ovannemnde vert gjeldande retningslinjer lagt fram for utvalet for drøfting og eventuell revidering.

I retningslinjene for tilskotet i Vaksdal er det angitt eit minstebeløp for stønad. Det har vore store variasjonar mellom søknadene når det gjeld søknadssum, frå 5-20.000 til 2-300.000. Dei største beløpa er gjerne knytt til investering i bygg eller anlegg. Større tiltak kan «legge beslag» på ein større andel av potten. Søknadsmengda kan påverke løyvingane frå år til år. I dag vert søknader som er kvalifisert etter formålet tildelt *ein forholdsmessig lik andel* av søknadsbeløpet og eventuelt samanlikna med tilsvarande løyvingar tidlegare. Ein kan også tenkje seg andre fordelingar, til dømes fordeling etter «pottar» til ulike formål, innføring av maksbeløp eller anna. I Voss kan fondstyret peika ut bestemte føremål som skal vere grunnlag for tildelinga i enkeltår.

I vårt overordna planverk har kommunen prioritert barn og unge. Dette er vidareført i temaplaner og handlingsprogram. I arbeidet med folketalsauke er unge/unge vaksne ei målgruppe. Tiltak som

støttar opp om desse måla gjennom aktivitetar og trivselstiltak i bygdene kan til dømes prioriterast i retningslinjene. I kommunestyrevedtaket er det med eit avsnitt om at bygdeutvikling skal gjere nye vurderinga om kven som kan søkje.

Med bakgrunn i ovannemnde vert gjeldande retningslinjer lagt fram for utvalet for drøfting og eventuell revidering. Nye retningslinjer kan gjerast gjeldande frå hausten 2022.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
30/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	16.11.2021
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-223, FE-033	21/1440

REVIDERING AV RETNINGSLINJER - TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING

Vedlegg:

Ny tilskotsordning - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1: Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling vert vidareført. Andre avsnitt under punktet «Kven kan søkje midlar» vert fjerna.

Alternativ 2: Det vert gjort følgjande endringar i retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling:

Fellesforslag frå utvalet, ført inn i møteportalen av Edvin Hesjedal, H:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retningslinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 30/2021

BYG - Behandling:

Kommunalsjef Åse Elin Myking orienterte om saka.

Utvalet drøfta søknadsordninga.

På vegner av utvalsmedlemmene la Edvin Hesjedal, H fram følgjande forslag til vedtak:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retninglinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

BYG - Tilråding/Vedtak:

Det vert halde eit møte i BU i siste del av januar der retninglinjer for tildeling av BU midlar vert tema. Utvalet ber om at eit justert forslag til retningslinjer vert lagt fram møtet. Forslaget vert så send til KS for endeleg vedtak.

Saksopplysningar:

Utval for bygdeutvikling har delegert avgjerdsmynde til å fordele løyvde midlar til aktivitetar og allmennytteige formål gjennom ordninga «*Tilskot til bygdeutviklingsmidlar*», vedteke av kommunestyret i sak 05/2020, 2020.

Utvalet har sjølv utarbeida retningslinjer vedteke 26.05.21, sak 11/2020 Desse vart deretter vedteke av kommunestyret 23.06.20, sak 33/2020.

Retningslinjene er vedteke med eit avsnitt om at bygdeutvikling må gjere nye vurderinga knytt til kven som kan søkje. I retningslinjene kan ein lese:

BU ønskjer å opne opp for at både private og bedrifter kan søkja, dersom søknaden innfrir i kriteria om kva det kan søkjast midlar til. Kven som får søke vil bli revidert av bygdeutviklingsutvalet i januar 2021.

I tillegg har leiar og medlemmer i utvalet bede om at utvalet får lagt fram retningslinjene for eventuell revidering då det er signalisert at ordninga ikkje treff heilt etter intensjonen.

Her er mellom anna nemnt mogelege endringar knytt til kommunale bygg og anlegg og opprusting av lagshus.

Kommunedirektøren er ansvarleg for å gjere ei forsvarleg sakshandsaming av søknadene som kjem inn. Saksbehandlinga er lagt til digitalisering, innovasjon og samfunn. I første tildelingsår, 2020, hadde utvalet 500 000 til fordeling. Sein oppstart av ordninga er mest sannsynleg ei av årsakene til at ikkje alle midlane vart utdelt i 2020. Same sum vart sett av i 2021.

Tal søknader, samt søknadssum har auka og i år vert det lagt opp til at heile potten vert fordelt på dei ulike søknadene. I år har det også kome inn ein søknad etter at tilskotsmidlane er tilrådd

fordelt, sjå referatsak.

I den samanheng ser kommunedirektøren eit behov for å gjere endringar i retningslinjene. Dette gjeld ordninga med at det er mogleg å søke om tilskot på under 15 000 ved kvart møte, medan søknader over kr 15 000 skal handsamast to gongar i året. Kommunedirektøren ber om at ein endrar retningslinjene slik at behandling av søknader, uavhengig av søknadssum, vert handsama to gongar i året, med søknadsfrist 1. april og 1. oktober.

Med bakgrunn i ovannemnde vert gjeldande retningslinjer lagt fram for utvalet for drøfting og eventuell revidering.



Ny tilskotsordning - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling

LØYVINGAR I BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

- Løyving av tilskot til søknader med søknadssum under 15 000 kr kan skje i kvart møte.
- Løyving av tilskot til søknader over 15 000 kr skjer to gongar i året, mars og sept.
- Minimum søknadssum for løyving er kr 5 000.

KVA KAN DET SØKJAST OM MIDLAR TIL?

Midlane skal tildelast allmennyttige føremål, stimulera til aktivitet i bygdene, levande bygdeliv. Midlane skal koma mange til gode, skape trivsel, aktivitet og vere ope og tilgjengeleg for alle.

- Stønad til konkrete prosjekt/tiltak/aktivitet og ikkje til generell drift.
- Varige, permanente prosjekt og til hjelp i tunge fasar.
- Materiell, utstyr, opprusting til ulike prosjekt, stader.
- Stønad til kurs og kompetanseutvikling.
- Midlane kan løyvast i tillegg til andre søknadsordningar, som til dømes tildeling av spelemidlar m.m.

Løyvinga vert gjeve som ein eingongssum. Kommunen pliktar ikkje å støtte tiltaket med vidare vedlikehaldskostnader.

KVEN KAN SØKJE MIDLAR?

- Frivillige lag og organisasjonar
- Private
- Verksemdar

BU ønskjer å opne opp for at både private og bedrifter kan søkja, dersom søknaden innfrir i kriteria om kva det kan søkjast midlar til. Kven som får søke vil bli revidert av bygdeutviklingsutvalet i januar 2021.

KRITERIAR FOR TILDELING

- Geografisk spreiding ved fordeling av midlar når det er mogleg.
- Prioritere bygder som ikkje har fått tildeling tidlegare.
- Søknadene vert vekta ut frå kriteria for løyvingar.

Utvalet vil ta omsyn til geografi og målgruppe ved tildeling av tilskot ved løyvingar som vert gjort to gongar i året.

KRAV TIL ALLE SØKNADAR

Søknad og dokumentasjon

- Søknad skal sendast til post@vaksdal.kommune.no
- Søknad må merkast – Søknad bygdeutviklingsutvalet
- Krav om (enkelt) budsjett og anna dokumentasjon.
- Plan for evt. vedlikehaldskostnader må søkjar legge ved.
- Dokumentasjon på eigeninnsats.
- Kva tiltaket gjeld
- Kven som har ansvar for tiltaket

KRAV TIL SAKSHANDSAMING / SAKSUTGREIING

Krav til ordinær sakshandsaming etter kommunelova. Søknadane vert handsama i tråd med retningslinene - utvalet får så saka til avgjerd.

UTBETALING

Lag/organisasjonar (med org.nr), med plan for gjennomføring og budsjett kan det (del)utbetalast i forkant.

Privatpersonar - på bakgrunn av dokumentasjon og kvitteringar i etterkant av tiltaket/aktiviteten.

For alle som får tildelt midlar, må dokumentasjon på tiltaket sendast inn innan tre veker etter at det er fullført.

Vedteke i Utval for bygdeutvikling, 26.05.20, sak 11/2020 og i Kommunestyret 23.06.20. sak 33/2020.



Bygdeutviklingsfond for Granvin

Vedteke i Voss heradsstyre 10.juni 2021 i sak.....

1. Heimel og føremål

Intensjonsavtale av 7.4.16, pkt. 10

Av den statlege eingongsstønaden knytt til kommunereforma (Reformstøtte) skal det setjast av kr 10 millionar til eit bygdeutviklingsfond for Granvin. Fondet skal forvaltast av eit fondsstyre vald av kommunestyret. Styremedlemene skal vera busett i Granvin.

Midlane skal nyttast til trivsels- og bygdeutviklingstiltak som gagnar tidlegare Granvin herad. Styret kan for det enkelte år peika ut bestemte føremål som skal vere grunnlag for tildelinga.

2. Kapitalforvalting

Fondsmidlane skal avsetjast som eit bunde fond i Voss herad.

Voss herad har ansvar for å forvalta fondskapitalen slik at den gjev forventa høg avkastning i forhold til risiko.

Det er ei målsetting at fondskapitalen over tid skal halda sin verdi målt mot 2020 kroneverdi. Dette vert sikra ved å nytta ein handlingsregel for uttak av midlar til utdeling. Handlingsregelen gjev at det kvart år skal setjast av 2 % av fondet sin verdi til utdeling. Fondet sin verdi skal reknast som summen av omløpsmidlar pr 31.12 året før utdeling. Ikkje utdelte uttak skal akkumulerast og kan delast ut seinare år.

Årleg kan det setjast av inntil kr 30 000 til mindre prosjekt med tildeling inntil kr 5000 pr prosjekt. Desse midlane kan tildelast av styret ved enkel sakshandsaming (t.d. på e-post til styret) utanfor dei ordinære søknadsfristane.

Fondsforvaltinga må følgja det til ei kvar tid gjeldande internasjonale regelverket som Noreg er tilslutta.

3. Bruk av fondet

- a. Det vert gjeve tilskot i samsvar med føremålet.
- b. Det kan gjevast tilskot av ulik storleik avhengig av søknadane.
- c. I særlege høve kan det ystast tilskot med opsjon på tilskot over fleire år.
- d. Lag, organisasjonar og andre aktørar med tilknytning til Granvin kan søkja.
- e. Det blir som hovudregel ikkje gjeve støtte til privatpersonar.
- f. Det blir normalt tildelt midlar to gonger i året.



4. Kva tiltak kan det søkjast om

- a. Investeringar, tiltak og prosjekt med varig verdi som kjem mange i lokalsamfunnet til gode.
- b. Prosjekt som bidreg til å skapa engasjement og inspirerer til dugnadsvilje.
- c. Prosjekt som bidreg til å realisera idear og utløyser gode krefter lokalt.
- d. Tiltak som er eigna til å auka trivselen og gjera lokalsamfunnet meir attraktivt å bu i.
- e. I særlege høve kan det bli gjeve tilskot til næringsføremål.

Det ein søker støtte til, skal vera konkrete tiltak og med klårt uttrykt mål.
Gjennomføringsplanen skal ha definert startdato og ferdigstillingsdato.

Det blir som hovudregel ikkje gitt støtte til drift.

5. Vilkår for tilskot

- a. Søklarane må leggja fram prosjektmale, budsjett og finansieringsplan.
- b. Namn på søker og andre involverte partar, organisasjonsnummer (der det finst).
- c. adresse, kontaktperson, telefonnummer skal kome fram av søknaden.
- d. Det skal leverast ein enkel rapport og rekneskap til alle prosjekt.
- e. 80 % av tilskotet blir normalt delt ut ved oppstart av tiltaket. 20 % av tilskotet blir tildelt etter at sluttrekneskap er levert.
- f. Ved misleghald kan ein krevja tilbakebetaling av tilskotet.

6. Fondsstyre og sakshandsaming

- a. Fondet skal ha eit styre som skal vere samansett av personar busette i Granvin.
- b. Styret for fondet skal ha 3 medlemmer med 3 varamedlemmer vald av heradsstyret etter innstilling frå valnemnda.
- c. Styreperioden følgjer valperioden.
- d. Styret har ansvar for utlysing, tildeling, rekneskap og årsmelding. Styret kan tilsetja/leige sekretærhjelp til sakshandsaming ved behov.
- e. Det blir gjeve ordinær møtegodtgjersle fastsett av heradsstyret for styremedlemmene.
- f. Styreleiar kan kompensast for meirarbeid.
- g. Alle tildelingar skal protokollførast og bli offentleggjorde.

7. Årsmelding og rekneskap skal sendast heradsstyret.

8. Vedtektsendingar skal vedtakast av heradsstyret



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	08.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE-044, TI-&00	17/651

ORIENTERINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Saksopplysningar:

Orienteringar om diverse saker:

Status trafikksikring Dale
Flaumskade idrettsbane Vaksdal
Diverse planarbeid